



Statsforvaltaren i Vestland



Statsforvaltaren i Vestland

# **Fagleg tilråding til tiltaksplan for villreinen i Nordfjella**

1. desember 2023



## Innhald

1. Innleiing.....	3
2. Organisering .....	4
Styringsgruppe: .....	4
Prosjektgruppe: .....	5
3. Prosess og metode .....	6
Prosess.....	6
Tidslinje .....	6
Fakta grunnlag.....	6
Utfordringar og manglar.....	7
Premiss for arbeidet .....	7
4. Prosjektgruppa sine forslag til tiltak.....	8
Omtale av tiltakspakkar og tiltak.....	9
Tiltakspakke A: området Geiteryggen – fv. 50 – Nyhellermagasinet - Kongshelleren.....	9
Tiltakspakke B Bremmane rundt Hallingskarvet og Reineskarvet .....	12
Tiltakspakke C Kveassmagasinet og Gravidalen .....	13
Tiltakspakke D Nasjonal turistveg (fv 5627) over Aurlandsfjellet.....	13
Tiltakspakke E Kunnskapsinnhenting.....	14
Andre moment .....	14
Planverk.....	14
Juridiske avklaringar .....	15
5. Tilråding.....	15
Statsforvaltaren si vurdering av tiltaka.....	15
Konsekvensar og negative effektar .....	16
Samfunnsøkonomiske vurderingar.....	17
Kva krev ny politikk? .....	17



## 1. Innleiing

Den 2. november 2022 fekk Statsforvaltaren i Vestland brev frå Miljødirektoratet med oppdrag om utarbeide tiltaksplan for Nordfjella villreinområde. Tiltaksplanen skulle bygge på kvalitetsnorm for villrein som vart offentleggjort tidlegare i 2022, og målet med tiltaksplanarbeidet er å heve statusen til villreinområdet frå raudt til minimum gult nivå i kvalitetsnormen.

Ettersom tiltaksplanen skal bygge på kvalitetsnormen er det naturleg å fokusere på dei tilhøva og parameter som førte til at villreinområdet fekk dårleg, og dermed ikkje godkjent tilstand. I oppdragsbrevet gjekk det likevel fram at ein skulle sjå heilskapleg på tilhøva i villreinområdet og mogelegheitene for å betre kvalitet og funksjonalitet til bestanden og leveområdet i eit lengre tidsperspektiv.

Det gjekk fram av oppdraget at det ansvarlege statsforvaltarembetet for kvart villreinområde skulle leie arbeidet, med støtte frå Norsk villreinsenter. Vidare var det ei forventning om brei og god medverknad frå ulike sektorar, forvaltningsnivå og organisasjonar. Miljødirektoratet råde til å invitere alle desse aktørane til eit fysisk oppstartsmøte og eventuelt fysisk avsluttande møte, men at resten av arbeidet vart løyst gjennom digitale møte og kommunikasjon.

Arbeidet og oppdraget skulle løysast innanfor Statsforvaltaren sine gjeldande budsjetttrammer, men det vart sett av eigne midlar både til den støtta som Norsk Villreinsenter skulle bidra med og midlar til å dekke kostnadar med dei fysiske møta.

For Nordfjella og Hardangervidda vart det presisert at situasjonen med skrantesjuka ville legge premiss for bestandsforvaltning og utvikling i lang tid framover, men at det likevel skal arbeidast med andre kvalitetsfremjande tiltak. Vi planlegg difor for ei framtid der villreinen skal kunne ta heile område i bruk og ha gode levevilkår når den kan vende tilbake til Sone 1.

Statsforvaltaren i Vestland vil rette er takk til alle som har bidrege i arbeidet. Særleg til Norsk villreinsenter på Skinnarbu som har vore sekretariat for arbeidet og bidrege med mykje fagkunnskap om villrein. Ei stor takk og til dei som har vore med i prosjektgruppa og i faggruppene og gjort ein solid jobb der.



Kart som syner Nordfjella villreinområde. Området ligg i kommunane Ulvik, Aurland og Lærdal i Vestland fylke og Hol, Ål og Hemsedal i Viken fylke. Fylkesveg 50 utgjer grensa mellom Sone 1 og Sone 2. (kartkjelde: Norsk villreinsenter)

## 2. Organisering

Styringsgruppa har hatt det overordna ansvaret for arbeidet. Samansetning av styringsgruppa følger same modell som dei andre tiltaksplanprosessane som er tilknytt Norsk Villreinsenter Sør.

### Styringsgruppe:

- **Kjell Kvingedal** - avdelingsdirektør på miljøavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland
- **Christian Rekkedal** - avdelingsdirektør landbruksavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland
- **Eline Orheim** - seksjonssjef naturmangfald, miljøavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland
- **Peter Köller** - dagleg leiar Norsk villreinsenter Sør


Styringsgruppa utnemnde ei prosjektgruppe med representantar frå fleire ulike instansar, stort sett frå offentleg sektor. Vi ville ha representasjon både frå fylkeskommunane og frå kommunane i begge fylka. I tillegg var det naturleg å ha med representantar frå villreinnemnd, villreinutval og nasjonalparkforvaltning.



### Prosjektgruppe:

- **Alf Erik Røyrvik** – Statsforvaltaren i Vestland (prosjektleder)
- **Anders Mossing** – Norsk villreinsenter (sekretær)
- **Lise-Berith Lian** – Viken fylkeskommune (på vegne av fylkeskommunane i Viken og Vestland) og sekretær for Nordfjellarådet
- **Tin Are Linderud** – Ål kommune (på vegne av kommunane i Viken)
- **Lars B. Præstiin** – Ulvik kommune (på vegne av kommunane i Vestland)
- **Harald Skjerdal** – Nordfjella villreinutval
- **Trond Erik Buttingsrud** – Hallingskarvet nasjonalpark
- **Hermund Mjelstad** – Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell / Statsforvaltaren i Vestland

Prosjektgruppa fekk ansvar for å sette ned faggrupper som kunne belyse sentrale tema for Nordfjella. I kvar faggruppe var det mellom fire og ni medlemmer, og det var prosjektgruppa og etter kvart faggruppene sjølve som plukka ut relevante fagpersonar til gruppene. Alle faggruppene hadde ein koordinator frå prosjektgruppa. Koordinatoren var bindeledd til prosjektgruppa og hadde eit overordna ansvar for arbeidet og framgangen i faggruppa. Prosjektgruppa laga mandat og arbeidsoppgåver til kvar faggruppe før faggruppene vart samla og satt i arbeid.



*Organisasjonskart som syner korleis vi organiserte arbeidet med styringsgruppe, prosjektgruppe og faggrupper for ulike tema.*



### 3. Prosess og metode

#### Prosess

Styringsgruppa, prosjektgruppa og dei ulike faggruppene var samla til felles oppstartsmøte i Flåm 29. og 30. mars. Der gjekk vi gjennom oppdraget og premissane for arbeidet, før kvar faggruppe hadde sitt første møte. Totalt var vi om lag 30 personar i Flåm.

Faggruppene har jobba sjølvstendig med sine arbeidsoppgåver. Dette var bevisst for at gruppene og medlemmene skulle få bruke sin kompetanse på best mogeleg måte. Faggruppene har stått fritt til å kommentere andre relevante problemstillingar og utfordringar enn det som stod i arbeidsoppgåva, så lenge det kunne betre vilkåra for villreinen.

Styringsgruppa og prosjektgruppa har hatt jamlege møter. Det vart arrangert eit fellesmøte med prosjektgruppa og alle faggruppene 8. juni på Teams, der vi orienterte kvarandre om status og funn så langt.

Faggruppene leverte sitt arbeid til prosjektgruppa innan 5. september. Prosjektgruppa samla, systematiserte og prioriterte innkomne forslag i eit forslag til tiltaksplan. I alt kom det inn 115 forslag til tiltak frå dei seks faggruppene.

Alle involverte i styringsgruppe, prosjektgruppe og faggrupper, vart inviterte til sluttseminar på Geilo 19. og 20. oktober. Der vart prioriteringane og forslaga frå prosjektgruppa presentert og det vart gjeve høve til å kommentere forslaga enten i møtet, eller skriftleg i etterkant innan ei veke etter seminaret. Prosjektgruppa tok deretter med seg dei merknadane og innspela som kom på sluttseminaret og utarbeida deretter sitt endelege forslag.

#### Tidslinje

Tidspunkt/tidsrom	Aktivitet eller milepåle
2.november 2022	Statsforvaltaren får oppdraget frå Miljødirektoratet
13. januar 2023	Arbeidsmøte med Miljødirektoratet og alle statsforvaltarembeta
29.-30. mars 2023	Oppstartsmøte i Flåm
Vår og sommar	Arbeid i faggruppene
8. juni 2023	Statusmøte med alle faggruppene
15. juni 2023	Midtvegsrapportering til Miljødirektoratet
5. september 2023	Frist for faggruppene til å levere sitt arbeid til prosjektgruppa
15. oktober 2023	Rapportering og førebels rapport til Miljødirektoratet
19.-20. oktober 2023	Sluttseminar på Geilo
1.desember 2023	Leveringsfrist tiltaksplan og fagleg tilråding til Miljødirektoratet

#### Faktagrunnlag

I dette oppdraget har vi hatt avgrensa med tid. Vi har derfor måtte støtte oss på det som allereie eksisterer av fakta og kunnskap. Det viktigaste kunnskapsgrunnlaget har vore det som ligg i kvalitetsnormen og arbeidet som førte fram til den. Det har òg vore gjort mykje arbeid i samband med ulike prosessar med regional plan og sti- og løypeplan.



I Nordfjella har ein og mykje kunnskap og fakta som har vore henta inn i samband med handteringa av skrantesjuka (CWD)<sup>1</sup>. Det har vore omfattande kartlegging og prøvetaking i samband med først sanering av villrein i Sone 1, og no prosessen som etter kvart skal føre til ei reetablering.

Nordfjella var pilotområde i utviklinga av Norsk institutt for naturforskning sitt nye verktøy, og vi hadde derfor allereie fått gjennomført nokre relevante scenarioanalyser. Vi søkte Miljødirektoratet om å få gjennomført fleire scenarioanalyser, men søknaden vart ikkje prioritert.

Til slutt må vi ikkje gløyme all den kompetansen og kunnskapen som fagfolka som har vore involvert i arbeidet hadde med seg og har hatt tilgang på frå sine organisasjonar og instansar.

### Utfordringar og manglar

For nokre tema ser vi at vi trenger eit betre kunnskapsgrunnlag for å kunne foreslå målretta og eigna tiltak. Det gjeld i første rekke for temaa motorferdsel og påverknaden frå beitebruk.

Eksisterande kunnskap og erfaringar tydar på at motorisert ferdsel i villreinområda påverkar villreinen, og potensielt sett i stor grad. Det er derfor eit tema som ein bør sjå nærmare på i ein tiltaksplan og det vil vere naturleg å føreslå tiltak som avgrensar påverknaden av motorferdsel i villreinområdet. For Nordfjella er det ei utfordring at vi per i dag ikkje har ei dekkande oversikt over motorferdsla i området. Det er derfor vanskeleg å definere utfordringane og føreslå treffande og effektive tiltak. Det er seks ulike kommunar og ein nasjonalpark som alle handsamar motorferdselsaker i dette området, og det er ikkje nokon felles rapportering, handsaming eller oversikt over løyver eller faktisk gjennomført motorferdsel. Det viktigaste tiltaket i første omgang er derfor å hente inn meir kunnskap om motorferdsel i området, slik at vi seinare er i stand til å føreslå og iverksette treffande tiltak.

Nordfjella har særst gode beiteområde som og andre artar enn villreinen utnyttar. Kvart år vert det sendt titusenvi av beitedyr inn i Nordfjella, hovudsakleg sau. Det er både «lokale» sauer frå bygdene rundt Nordfjella, og sauer frå andre stader der dyreeigar leiger beite i Nordfjella. Det er nærliggande å tru at to artar som skal beite side om side i det same området vil ha ein viss påverknad på kvarandre, men vi veit ikkje kor mykje og korleis. Vi treng meir kunnskap om korleis sau og andre beitedyr i leveområda til villrein faktisk påverkar villreinen, før vi kan definere utfordringar og føreslå treffande tiltak innan temaet beitebruk.

### Premiss for arbeidet

For å kunne jobbe målretta med tiltak og tiltaksplan måtte vi legge nokre premiss for arbeidet. I Nordfjella er det særleg skrantesjuka som har skapt ein heilt spesiell situasjon, som er heilt ulik frå det som man elles legg til grunn i forvaltning av villrein. I Nordfjella Sone 1 vart all rein skote ut i 2017-2018, totalt om lag 2500 reinsdyr. Sidan det har det ikkje vore rein i Nordfjella Sone 1. I Sone 2 har ein teke ned bestanden ein del, både for å redusere smitterisiko men og for å få nok prøver til å kunne friskmelde bestanden i Sone 2. Der er det i dag om lag 400 reinsdyr. Den totale bestanden i området vi skal lage tiltaksplan for er altså om lag 400 dyr i staden for 2-3000 dyr som er eit naturleg nivå.

---

<sup>1</sup> Chronic Wasting Disease, sjå [www.mattilsynet.no/dyr/dyresykdommer/skrantesjuka-cwd](http://www.mattilsynet.no/dyr/dyresykdommer/skrantesjuka-cwd)



For å kunne lage ein tiltaksplan som kan fungere på lang sikt og gje gode levevilkår for framtida har vi derfor planlagt for ei framtid fri for skrantesjuka. Vi har lagt til grunn at vi i framtida skal forvalte ein bestand med naturleg storleik og der skrantesjuka tiltaka er avslutta.

Handtering av skrantesjuka og reetablering er ein eigen prosess som går i sine spor, og vi har derfor ikkje føreslått tiltak som går direkte på skrantesjuka og reetablering. Men sidan tiltaksplanen bygger på kvalitetsnormen og skrantesjuka er både direkte og indirekte årsak til at Nordfjella fekk raud status i normen, kan vi ikkje sjå heilt vekk frå skrantesjuka i tiltaksplanarbeidet. Skrantesjuka vil påverke både tiltak og måloppnåing i fleire år framover.

Eit anna premiss for arbeidet er at vi ikkje har tatt med rovviltforvaltninga og påverknad frå rovvilt i arbeidet. Det ville vore eit interessant tema å inkludere i arbeidet med tanke på å reetablert eit naturleg fjelløkosystem, men vi oppfattar at dette ligg utanfor rammene for oppdraget vårt.

Det vart kommunisert tydeleg til alle eksterne som deltok i arbeidet i dei ulike gruppene at deltakarane var der for å bidra med kunnskap, erfaring og faglege innspel, og at ingen andre stod til ansvar for det som til sist blir Statsforvaltaren si faglege tilråding og forslag til tiltak.

Som nemnt i innleiinga har det vore eit viktig premiss i arbeidet at vi planlegg for ei framtid utan skrantesjuka i Nordfjella. Vi har altså lagt til grunn at det skal vere villrein i Sone 1 sjølv om det per i dag ikkje er det.

## 4. Prosjektgruppa sine forslag til tiltak

Faggruppene sendte inn totalt 115 forslag til tiltak. Det var stor variasjon i tiltaka, frå store og særskild kostbare samferdsleprosjekt, til ferdselsteljingar og regulering av lokale grusvegar. Mange tiltak kunne slåast saman, fordi dei i tid, rom eller tema låg nær kvarandre. Ein del tiltak var små og kan løysast på eit lokalt plan heller enn å løftast til nasjonal politikk. Nokre tiltak vart vurdert til å la liten effekt eller ikkje henge saman med målsettingane som kvalitetsnormen bygger på, og vart derfor nedprioritert. Gjennom sortering, systematisering og prioritering peiker vi på 16 konkrete tiltak som vi meiner vil ha stor effekt.

Tiltaka er sortert i fem tiltakspakkar; fire geografiske tiltakspakkar som i hovudsak adresserer utfordringar med trekkpassasjer, og ein tiltakspakke for kunnskapsinnhenting som er naudsynt for heile området. Det er utarbeidd eit datablad for kvart tiltak. Nokre tiltak har fleire alternativ eller fleire steg, og har derfor fleire datablad.





### **Tiltakspakke A: Området Geiteryggen – fv. 50 – Nyhellermagasinet – Kongshelleren**

1. Endringar i DNT sitt hyttetilbod, med fokus på Geiterygghytta og Kongshelleren
2. Endringar i sti- og løypenett
3. Redusere bruken av fjellveggar/anleggsveggar
4. Landbru ved Kongshellersundet
5. Bygge ny og lengre Geitryggtunnel
6. Fjerne/erstatte autovern langs fv. 50
7. Regulere trafikk på fv. 50

### **Tiltakspakke B: Bremmane rundt Hallingskarvet og Reineskarvet**

8. Regulere bruken av skiløyper rundt Hallingskarvet og Reineskarvet
9. Regulere bruken av veggar rundt Hallingskarvet og Reineskarvet

### **Tiltakspakke C: Kveassmagasinet og Gravdalen**

10. Landbru over Harbakkspranget
11. Regulere bruk av anleggsvegen til Kveassmagasinet

### **Tiltakspakke D: Nasjonal turistveg (fv. 5627) over Aurlandsfjellet**

12. Regulere tidspunkt for brøyting og opning
13. Regulere moglegheiter for stopp, rasting og camping

### **Tiltakspakke E: Kunnskapsinnhenting**

14. Meir kunnskap om omfanget av motorferdsel
15. Meir kunnskap om korleis beitebruk og landbruksverksemd påverkar villrein
16. Meir kunnskap om villreinen sin arealbruk gjennom året

## **Omtale av tiltakspakkar og tiltak**

### **Tiltakspakke A: området Geiteryggen – fv. 50 – Nyhellermagasinet - Kongshelleren**

Målet med tiltakspakke A er å få betre funksjonalitet på trekket mellom Sone 1 og Sone 2. I dag fungerer desse trekkpassasjane i praksis ikkje, og det er nærmast ei fullstendig barriere mellom Sone 1 og Sone 2. Dette var, i tillegg til skrantesjuka, den viktigaste årsaka til at Nordfjella fekk dårleg tilstand i kvalitetsnormen. Tiltak i dette området er avgjerande viktig for å oppnå ønska tilstand i kvalitetsnormen knytt til arealbruk og trekk.

Tiltakspakke A har høgast prioritet blant pakkane våre, og er også den tiltakspakken som har flest tiltak knytt til seg. Det vil truleg vere ein fordel for reetableringsprosessen og dyra som skal ta Sone 1 i bruk, om tiltak i dette området vert gjennomført tidleg i tiltaksplanperioden.



### 1. *Endringar i DNT sitt hyttetilbod, med fokus på Geiterygghytta og Kongshelleren*

Trekkpassasjane som går over tunneltaket på Geiteryggtunnelen er dei viktigaste passasjane for å sikre trekk mellom Sone 1 og Sone 2. Midt i dette området ligg Geiterygghytta med tilhøyrande veg, sti- og løypenett som folk brukar for å komme seg til og frå hytta. Aktivitet på og ved hytta, og trafikk til og frå hytta, har ein avvisande effekt som hindrar eller reduserer villreinen sin bruk av området og dermed trekkpassasjen.

Kongshelleren er ei mindre, sjølvbetent hytte som ligg lenger mot nordaust. Den ligg litt lenger vekk frå flaskehalsen over Geiteryggtunnelen, men aktiviteten her kan og vere med å redusere bruken av trekkpassasjane.

Vi ser for oss fleire alternativ når det gjeld endringar i hyttetilbodet. Med omsyn til dei negative konsekvensane som reduksjon av tilbodet har, so bør det ikkje settast inn sterkare tiltak enn det som er naudsynt for å få ønska effekt. I første omgang kan det vere nok å utsette opningstidspunktet på hyttene. Om det ikkje har nok effekt kan ytterlegare reduksjon i opningstid eller fullstendig stenging, i alle fall for ein periode, vurderast. Det kan og vere aktuelt å stenge berre ei av hyttene.

Reduserte opningstider eller eventuelt stenging av hyttene, vil få vesentlege negative effektar for dei som i dag driv hyttene. Det er derfor viktig å ha ein god dialog og at vi ser på ulike kompenserande tiltak. Dette er eit tema som vil gjelde fleire villreinområde og vi veit at andre tiltaksplanar vil innehalde liknande tiltak. Det bør derfor lagast ein nasjonal strategi og prosess for korleis ein handterer desse tiltaka. Der bør kompensasjon til DNT eller andre som eig og driv hytter og sti- og løypenett vere eit sentralt tema.

### 2. *Endringar i sti- og løypenett*

Menneskeleg ferdsel, i alle fall når det når eit visst omfang, vil redusere villrein sin bruk av eit område. Forsking frå mellom anna Hardangervidda syner dette ganske tydeleg. Både i tiltakspakkeområdet og i Nordfjella elles, er det eit omfattande nettverk av merka stiar i barmarksperioden og stikka og til dels preparerte løyper på vinter og vår. Ved å gjere endringar i sti- og løypenettet kan ein styre ferdselen til ein viss grad, og gjere viktige trekkområde meir tilgjengelege og funksjonelle for villrein. Også her er det fleire alternativ og nivå på tiltaka. Vi kan sjå på tidspunkt for stikking eller oppkøying av skiløyper, og vente med det til villreinen har gjennomført viktige sesongtrekk. I nokre tilfelle kan det verte naudsynt å legge ned løyper og stiar heilt. Allemannsretten vil framleis gjelde, men utan merking, skilting, stikking og informasjon på kart og nett, vil truleg ferdselen gå ned ganske vesentleg.

Tiltaket må sjåast i samanheng med tiltak nr 1.

### 3. *Redusere bruken av fjellveggar/anleggsveggar*

I Nordfjella er det mange vegar i fjellet. Dei fleste er bygde i samband med kraftutbygging og går langt innover i fjellet. Sjølv om vegane er bygde i samband med kraftutbyggingane, vert dei nytta til mange andre føremål av både lokalbefolkning og tilreisande. I nokre tilfelle er det eit vilkår i konsesjonen til kraftutbygginga at veggen skal vere open for ålmenta.



Motorisert ferdsel inn i leveområdet til villrein er i seg sjølv problematisk og kan redusere reinen sin bruk av trekk- og beiteområde. I tillegg fører vegane til at anna menneskeleg aktivitet og ferdsel vert flytta lenger inn i villreinområda til areal som elles ville vore mindre tilgjengeleg for folk.

Å redusere bruken av desse vegane vil også kunne redusere uro og presset på villrein. Tiltak kan vere fullstendig stenging, regulere kor tid vegane kan brukast, regulere kven som har tilgang til vegane og regulere kva føremål vegane kan brukast til.

#### 4. *Landbru ved Kongshellersundet*

I samband med kraftutbygging vart Nyhellermagasinet etablert, med ei reguleringshøgde på 26 meter. Fleire vatn vart no samla til eitt stort, og landtunger mellom vatna som tidlegare har vore trekkpassasjar for villrein vart sett under vatn. Trekkpassasjane er då ikkje lenger funksjonelle.

I Kongshellersundet, det som før var området mellom Nyhellervatnet og Kongshellervatnet, er det på det smalaste berre om lag 75 meter breitt. Her har det tidlegare vore ein trekkpassasje og vi føreslår å bygge ei landbru her for å freiste å reetablere denne trekkpassasjen. Meir funksjonelt trekk her, vil gjere det lettare for reinen å kome fram til området rundt Geiteryggtunnelen, og gjere flaskehalseffekten mindre. Ei slik landbru vil vere ganske kostbar, men kan finansierast ved bruk av villreinfond som har blitt ganske vanleg i vassdragsskonsesjonar.

#### 5. *Bygge ny og lengre Geiteryggtunnel*

Fylkesveg 50 er grensa mellom Sone 1 og Sone 2, og høg fjellsområdet rundt Geiteryggen er flaskehalsen når det gjeld trekk mellom dei to sonene. Dei mest aktuelle trekk i dag er over dagens Geiteryggtunnelen, og det er godt kjent frå fleire stader at terrenget over tunnel fungerer som trekkpassasjer. På begge sidene av dagens Geiteryggtunnelen er det gamle trekkpassasjer som går over fylkesveg 50, men som ikkje lenger er i funksjon. Ein ny og lengre tunnel på fylkesveg 50, kombinert med sanering av sjølve vegen og restaurering av terrenget i og rundt vegen, vil kunne reetablere trekkpassasjane. Om ein bygger ein tunnel på 10 km mellom Stemmerdalen og Strandavatnet vil ein få med seg dei aller fleste trekkpassasjane.

Ein ny og 10 km lang tunnel på fylkesveg 50 er eit omfattande og særskilt kostbart tiltak. Ei enkel samanlikning med andre tunnelprosjekt syner ei forventet kostnad på 2-3 milliardar kroner. Samstundes vil dette truleg vere det mest verknadsfulle tiltaket for villreinen, i alle fall i ein kombinasjon med tiltak 1 og 2.

#### 6. *Fjerne/erstatte rekkverk langs fylkesveg 50*

Langs fylkesveg 50, der dei nemnte trekkpassasjane kryssar sjølve vegen, er det på det meste av desse strekningane montert rekkverk (autovern) langs vegen. Rekkverket er ikkje høgt, men høgt nok til at det er ei barriere for villrein. Reinen som art er ikkje god til å hoppe, på same måte som hjort, elg og rådyr er. Å fjerne rekkverk langs vegen vil derfor kunne vere med å gjere trekkpassasjen meir funksjonell.



Rekkverk er montert av omsyn til trafikktryggleik. Om rekkverket skal fjernast må det truleg erstattast med andre tiltak som sikrar trafikktryggleiken. Eit alternativ er trafikksikkert terreng ved sidan av vegen. Det vil og kunne vere positivt for villreinen sidan den typen terreng vil gjere det enklare å krysse. Det vil sjølvstakt føre med seg ein kostnad, men låg kostnad samanlikna med tunnel og landbru.

#### *7. Regulere trafikk på fylkesveg 50*

Regulering av trafikken på fylkesveg 50 kan vere eit tiltak for å gjere det lettare for villreinen å krysse vegen. Særleg aktuelt vil då vere stenging i periodar slik at det vert fullstendig ro på og langs vegen som kan legge til rette for trekk. Det kan vere i form av vinterstenging, nattestenging eller stenging i periodar kor det oppheld seg rein innanfor ein viss avstand frå vegen.

Stengt veg vil sjølvstakt ha konsekvensar for lokal og regional trafikk. Samstundes er fylkesveg 50 ein reserveveg og eit alternativ for andre fjellovergangar mellom aust og vest. Det betyr og at fylkesveg 50 har reelle alternativ om den skulle vere stengt.

#### Tiltakspakke B Bremmane rundt Hallingskarvet og Reineskarvet

Målet med tiltakspakke B er at reinen skal få betre tilgang til, og auka bruk av, dei gode beita som ligg på bremmane rundt Hallingskarvet og Reineskarvet. Dette er blant dei beste vinterbeita for villrein i heile Nordfjella, men tilgangen er vesentleg redusert på grunn av menneskeleg ferdsel og aktivitet.

#### *8. Regulere bruken av skiløyper rundt Hallingskarvet og Reineskarvet*

Områda i Hol og Ål som ligg rundt opp mot Hallingskarvet og Reineskarvet er populære turområde. Her er mange hytter og tettstadane Geilo og Ål er populære vinterdestinasjonar. Stadig fleire skiløyper har blitt merka, skilta, kartfesta og preparert, og dette har ført til aukande ferdsel i viktige vinterbeiteområde på bremmane rundt dei to skarva.

Vi føreslår derfor ein gjennomgang og ei regulering av desse skiløypene. Ein kan legge ned løyper, legge om løyper eller utsette stikking og preparering.

#### *9. Regulere bruken av vegar rundt Hallingskarvet og Reineskarvet*

Dette tiltaket vil vere ganske likt tiltak 3, men i eit anna område. Her er mange vegar i området rundt Hallingskarvet og Reineskarvet, knytt til hytter, landbruk, kraftanlegg med meir. Tiltak kan vere fullstendig stenging, regulere kor tid vegane kan brukast, regulere kven som har tilgang til vegane og regulere kva føremål vegane kan brukast til.



## Tiltakspakke C Kvevassmagasinet og Gravdalen

Tiltakspakke C handlar om å sikre trekkpassasjane i dei sentrale delane av Nordfjella Sone 1, rundt Gravdalen og det som no er Kvevassmagasinet. Her har det tradisjonelt vore særskilte og mykje brukte trekk både aust-vest og nord-sør, men i dag er ikkje desse trekka funksjonelle i same grad. Først og fremst skuldast dette at trekkområde er lagt under vatn i Kvevassmagasinet, men vi trur og at anleggsvegen opp til magasinet er med på å redusere bruken av trekka.

### 10. *Landbru over Harbakkspanget*

Med reguleringa av Kvevatnet og etablering av Kvevassmagasinet vart trekkpassasjen over Flågrunnane/Harbakkspanget oversvømt og ligg no under vatn. Sundet over her er ganske grunt og det er absolutt realistisk å få til ei landbru her.

For nokre år sidan var magasinet tappa ned i samband med vedlikehaldsarbeid på demningen. Då var landtunga intakt og reinen trekte over den. Det er derfor ganske realistisk at ein kan reetablere trekket over her med ei landbru. Landbru kan finansierast med villreinfond.

### 11. *Regulere bruk av anleggsvegen til Kvevassmagasinet*

Anleggsvegen som går frå Lærdal og inn til Kvevassmagasinet er kanskje den fjellvegen som går lengst inn til kjernen av leveområdet til villreinen. Veggen er stengt med bom, men mange har tilgang til nøkkel, og veggen er ein del brukt i samband med jakt, fiske og friluftsliv. Å regulere og redusere bruken veggen vil redusere både motorisert ferdsel og anna ferdsel i området rundt Kvevatnet, og vil gje meir ro for villrein.

## Tiltakspakke D Nasjonal turistveg (fv 5627) over Aurlandsfjellet

Fjellovergangen over Aurlandsfjellet er nasjonal turistveg og særskilt populær om sommaren. Om vinteren er veggen stengt. Når veggen er open og trafikkert fungerer den som ei barriere som hindrar trekk ut til gode beiteområde som ligg nordvest for veggen. Målet med tiltakspakke D er å redusere denne barriereeffekten slik at beiteområda nordvest for veggen kan bli brukt meir.

### 12. *Regulere tidspunkt for brøyting og opning av veggen over Aurlandsfjellet*

Fylkesveg 5627 over Aurlandsfjellet er nasjonal turistveg og populær blant turistar om sommaren. Når det er trafikk på veggen er den ei barriere som hindrar trekk til og frå beiteområde som ligg nordvest for veggen. Høge brøytekantar vil og fungere som absolutte barrierar for villreinen.

Veggen er vinterstengt og vert ikkje opna før tidlegast 1.juni kvart år. Opningstidspunktet er sett gjennom ein uformell avtale med villreinutvalet. Avtalen bør formaliserast, og i tillegg bør det settast ein dato for når snøryddinga av veggen kan starte etter ein villreinfagleg vurdering.



13. *Regulere moglegheiter for stopp, rasting og camping langs vegen over Aurlandsfjellet*

Den nasjonale trafikken over Aurlandsfjellet er populær blant turistar og friluftsfolk. Det medfører både trafikk av bilar som køyrer over, men i tillegg aktivitet som stopp, parkering, rasting og camping. Denne typen aktivitet er med på å auke barriereeffekten av vegen, og vi føreslår å regulere dette.

Regulering vil kunne få negative verknader for turistar, men samstundes kan det vere positivt for lokale reiselivsverksemdar om vi reduserer villcamping langs vegen. God informasjon som skapar forståing for reguleringane, kan også auke opplevingsverdien av å køyre over fjellet.

Tiltakspakke E Kunnskapsinnhenting

Denne tiltakspakken skil seg frå dei andre ved at den ikkje er knytt opp mot eit spesielt geografisk område eller mot konkrete mål i kvalitetsnormen. Det er likevel viktige tiltak å spele inn og ha fokus på med tanke på revidering av kvalitetsnorm og tiltaksplan nokre år fram i tid.

14. *Meir kunnskap om omfanget av motorferdsel*

Vi treng meir kunnskap om handsaming av motorferdsel, omfanget av motorferdsel og effekten av motorferdsel på villrein og villreinområda i Nordfjella. Auka kunnskapsgrunnlag vil vere viktig med tanke på revidering av både kvalitetsnorm og tiltaksplan om nokre år. Det bør og jobbast med felles rutinar, retningslinjer og sakshandsaming i kommunane rundt Nordfjella. år.

15. *Meir kunnskap om korleis beitebruk og landbruksverksemd påverkar villrein*

Vi treng meir kunnskap om korleis landbruksverksemd og beitebruk påverkar villrein. Både i form av beitekonkurranse, auka menneskeleg ferdsel og utsetting av saltstein. Dette er kunnskap som det også er behov for på nasjonalt nivå.

16. *Meir kunnskap om villreinen sin arealbruk gjennom året*

Vi har allereie ein del kunnskap om reinen sin bruk av areala i fjellet gjennom året, ved hjelp av forskingsprosjekt og overvaking med GPS-teknologi. Men vi treng meir og oppdatert kunnskap. Nokre av tiltaka vi føreslår er avhengige av at vi treff i tid og rom for å oppnå effekt for reinen. Ein del av tiltaka vil og ha negative konsekvensar for ulike andre interesser og då er det viktig at vi er målretta og at vi kan unngå tiltak med negative effektar som ikkje har effekt.

Andre moment

I tillegg til dei føreslegne konkrete tiltaka har arbeidet avdekket ein del tema som må kommenterast og jobbast vidare med. Nokre av desse momenta høver kanskje betre heime i arbeidet med stortingsmeldinga, heller enn i ein tiltaksplan for eitt konkret villreinområde.

Planverk

Dersom ein gjennom ulike planar skal gjere levevilkåra betre for villrein og sikre leveområda, so må det ein gjennomgang, ei opprydding og ei bevisstgjerjing til. Truleg vil det og vere naudsynt med ei sterkare statleg styring og koordinering av planane, alternativt eit sterkare og meir forpliktande regionalt samarbeid.



Det er laga mange planer på kommunalt og regionalt nivå som har gode intensjonar og som på papiret tek omsyn til villrein. Men ikkje alle blir fylgt opp. Nordfjellarådet har laga ein god regional plan for heile villreinområdet, men den er ikkje forpliktande nok. Den bør styrkast og forankrast betre i kommunane slik at den vert meir forpliktande. I tillegg bør den kommunale forvaltninga av både areal og til dømes motorferdsel, gjerast meir lik og heilskapleg.

#### Juridiske avklaringar

Mange av dei føreslegne tiltaka, og andre relevante tiltak, er avhengige av å ha heimel i lov for å kunne gjennomføre dei. Det gjeld særleg regulering av biltrafikk, ferdsel og ulike aktivitetar. I ein del tilfelle er det noko uklart kva heimelsgrunnlag ein har, og kven som har heimel til å kunne gjennomføre tiltak. Dette bør avklarast.

I ein del tilfelle bør ein og vurdere å endre regelverket slik at styresmakter på ulike nivå i den offentlege forvaltninga har større handlingsrom til å kunne regulere ferdsel og anna aktivitet som er problematisk for villrein.

## 5. Tilråding

### Statsforvaltaren si vurdering av tiltaka

Vi vurderer det slik at dei føreslegne tiltaka alle vil vere positive for villreinen i Nordfjella. Det er naturlegvis eit vilkår at reetableringa av villrein i Sone 1 vert vellukka. Men om vi får det til, so trur vi at tiltaka som er føreslått vil føre til at tilstanden raskare vert betra opp mot eit godkjent nivå.

Utfordringane er i hovudsak knytt til geografiske område. Det er då naturleg og klokt å sortere dei prioriterte tiltaka i tiltakspakkar knytt til dei same geografiske områda. Det er og prioritert eit høveleg tal både på tiltak og tiltakspakkar. Dette er ein modell som det går godt å jobbe vidare med, både lokalt og for nasjonale myndigheiter.

Tiltaka er ikkje prioritert i framlegget frå prosjektgruppa. Det er vanskeleg å sette ei unik prioritering på tiltaksnivå, sidan tiltaka heng saman med kvarandre. Det er derimot meir naturleg å gjere ei prioritering av tiltakspakkane, ut i frå dei måla som ein vil oppnå med kvar pakke. Her peikar tiltakspakke A seg ut som den desidert viktigaste. Å få trekka mellom Sone 1 og 2 funksjonelle er avgjerande for at Nordfjella samla sett skal fungere som villreinområde. Det er og kanskje den mest krevjande tiltakspakken å lukkast med, den som vil koste mest både i pengar og konsekvensar. Men det er kostnadar vi som samfunn må bere om vi skal lukkast med å redde villreinen.

Dei resterande *geografiske* tiltakspakkane bør prioriterast i den rekkefølga dei står, altså B – C – D. Også dette ut i frå kor avgjerande og viktige målsetningane med tiltakspakkane er. Tiltakspakke E er i ei særstilling sidan den ikkje er knytt opp mot verken geografi eller fysiske tiltak. Den er viktig, men vanskeleg å sette opp mot dei andre tiltakspakkane i ei prioritering.



Vi må vere tolmodige i dette arbeidet. Både villrein og fjelløkosystem endrar seg og utviklar seg sakte frå naturen si side. Det vil og gjelde positive endringar som respons på tiltaka som vert sett i verk. Vi må godta at det kan ta tid før vi ser effekt av eit tiltak. Det kan fort bli eit krav om å reversere eit tiltak med negative konsekvensar etter nokre år, om tiltaket ikkje har effekt heilt med det same. Då er det viktig å ha tolmod og å gje tiltaka tid til å virke. Det tolmodet må vi som samfunn ha på vegner av villreinen.

### Konsekvensar og negative effektar

Fleire av tiltaka som vert føreslått vil ha negative konsekvensar for andre interesser enn villrein, og det er viktig å ha med seg. Dette gjeld særleg tiltaka som gjeld regulering og reduksjon av ferdsel. Vi føreslår mellom anna endringar i Den Norske Turistforeining sitt hyttetilbod, gjennom endra opningstider på hytter eller kanskje og nedlegging av ei eller fleire hytter. Det vil naturleg nok ha konsekvensar for dei som driv hyttene og er avhengig av ei viss omsetning for å kunne drive. Vi tek derfor til orde for ei trinnvis tilnærming til enkelte av tiltaka, der ein overvakar og vurderer effekten av kvart trinn.

DNT Oslo og Omegn eig både Geiterygghytta, lungdslashytta og Kongshelleren. Dei har lagt store ressursar i hyttene og drifta av dei. Det er og lagt ned mykje innsats i merka stiar og tilrettelegging av skiløyper. DNT Oslo og Omegn peikar på at det er vanskeleg å seie sikkert kva som vert konsekvensane av eventuell nedlegging eller reduksjon i opningstider for dei som driv hyttene. Det er og vanskeleg å seie kva stenging av ei hytta vil bety for drifta av andre hytter. Endring i sti- og løypenettet vil og kunne påverke bruken av hyttene. Det vil og gje eit redusert tilbod til friluftsbukarar. Vi har ikkje hatt tid til å greie grundig ut konsekvensane av desse endringane i arbeidet vårt, det bør gjerast i den vidare prosessen.

Regulering av bruk av fjellveggar vil kunne påverke både lokalbefolkning og tilreisande si utøving av jakt, fiske og friluftsliv. Vegane vert og brukt i samband med beitebruk, og sjølvsagt i samband med drift av kraftanlegg som dei jo i utgangspunktet vart bygd til. Mange har vent seg til å ha tilgang til vegane. Redusert tilgang til bruk av vegane vil kunne bli oppfatta negativt og derfor bli upopulære tiltak, særleg blant lokalbefolkninga.

Tiltaka knytt til samferdsle og regulering av trafikk og åtferd langs offentlege vegar vil kunne oppfattast som negative for turistar og andre reisande langs vegen. Dersom vegane vert stengt i lenger periodar og større grad enn i dag vil det truleg opplevast som eit dårlegare tilbod for dei som brukar vegen mest. Turistar kan og reagere negativt på forbod mot typiske turistaktivitetar som camping, rasting og parkering langs vegen.

Bygging av landbruer i Kongshellersundet og Harbakkspranget vil både føre med seg ein del anleggsarbeid i fjellet og terrenginngrep. Det kan og bli snakk om transport av ein del masse inn til anleggsområda, med det som det fører meg seg av inngrep og ferdsel. Det er negative konsekvensar som naturlegvis må vegast opp mot den forventa nytten av landbruene.





Det er ikkje til å unngå at tiltaka som vert føreslått vil ha negative konsekvensar og effektar for ulike interesser. Skal vi verkeleg ta eit tak og gjere noko som vil få den naudsynte effekten for villrein so må vi tole det. Mange har snakka om at vi skal gjere ein felles dugnad for villreinen. I den dugnaden ligg det at alle må bidra og alle må tole ein viss grad av konsekvensar. Alle brukarinteresser må derfor vere førebudd på at det vil kome tiltak som vi skape negative konsekvensar for akkurat den interessa. Ein kan ikkje rekne med at tiltaka berre skal råke alle andre.

### Samfunnsøkonomiske vurderingar

Som ein del av oppdraget frå Miljødirektoratet skal Statsforvaltaren gjere enkle samfunnsøkonomiske vurderingar. Vi har ikkje kapasitet eller kompetanse til å gjere særleg djuptgåande analyser eller vurdere konkrete tal, so dette blir særers overflatisk. Det er og vanskeleg å finne gode modellar for å sette verdi i kroner og øre på levevilkår og funksjonelle areal for villrein.

Nokre av tiltaka vi føreslår er kostbare. Særleg gjeld dette bygging av ein ny 10 kilometer lang Geiteryggtunnel. Tiltaket vil koste fleire milliardar norske kroner. Det vil vere eit særers godt tiltak for villrein, men om nytten for villrein er stor nok samanlikna med kostnaden må vurderast nærare. Ein ny tunnel her vil ha andre positive effektar som sikrere veg og tryggare fjellovergang vinterstid. Med det trafikkgrunnlaget ein har på fylkesveg 50 i dag, er det lite truleg at den effekten blir stor nok til at tiltaket blir samfunnsøkonomisk lønsamt. Samfunnsøkonomien i ein ny Geiteryggtunnel er heilt avhengig av kor stor pris vi skal sette på villreinen sine levekår.

Andre tiltak i tilknytning til fylkesveg 50, som til dømes fjerning av rekkverk, har ein vesentleg lågare kostnad og er derfor meir realistiske å få til. Det vil vere kostnader både med fjerning og eventuelt kompensierende tiltak, truleg i millionklassen. Om tiltaket er samfunnsøkonomisk lønsamt er usikker, og kjem også her an på kva verdi ein skal sette på villreinen sine levekår.

Landbruene ved Vampen og Harbakkspanget er spennande prosjekt. Kostnadane vil truleg kome på eit tosifra tal millionar for ei slik landbru. Samstundes vil effekten kunne vere god, og det er stor sjanse for at tiltaket vil fungere og ha effekt. Kostnaden av tiltaka er usikker, men truleg vil dette vere samfunnsøkonomisk lønsamt.

Tiltak som avgrensar motorferdsel og anna ferdsel har normalt ikkje kostnad i kroner og øre, men kan ha andre kostnader som må vurderast. Konsekvensar og negative effektar som er omtala i førre kapittel må talfestast og vurderast om ein skal gjere samfunnsøkonomiske analyser av tiltaka.

### Kva krev ny politikk?

Dei fleste tiltaka vi føreslår skal vere mogelege å gjennomføre innanfor dagens politiske og juridiske rammer. Men, mange av dei krev ei anna politisk prioritering enn vi har i dag og har hatt til no. Omsyn til villrein må vektleggast tyngre samanlikna med andre interesser, og det må vere ei politisk vilje til å bruke større ressursar på villrein.



## Statsforvaltaren i Vestland

Nokre av tiltaka gjeld regulering av trafikk og av kva som er lov å gjere langs offentleg veg. Der trengs det truleg ei endring av heimelsgrunnlaget om det skal vere lov å gjennomføre. Dette er regulert av vegtrafikklova og anna lovverk knytt til samferdsle, og det lovverket er til no lite brukt for å ta vare på villrein.

Det er og behov for ein ny politisk, planmessig og juridisk praksis der omsyn til villrein får ein meir sentral plass i planlegging av samferdsle, arealforvaltning, næringsutvikling og anna menneskeleg aktivitet.